



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

KOMM. OG REG.	
08 FEB 2006	
05/3280-248	
Ark	601-0
Avd.	20 / KP HEX

Uttale til utgreiinga frå Inntektssystemutvalet, NOU 2005:18

Vi viser til høyringsbrev av 28.10.2005 og vedlagte utgreiing NOU 2005:18 "Fordeling, forenkling, forbedring".

Denne uttalen er avgrensa til det i utgeiinga som gjeld kommunane og særleg dei områda der Fylkesmannen har ei aktiv rolle.

Utvalet legg fram eit inntektssystem som på fleire punkt vil vere enklare enn det vi har i dag. Utgreiinga viser likevel at det ikkje er ei enkel oppgåve å dele eit statleg tilskott rettferdig mellom kommunar som er svært ulike på mange vis. Når ein gjer inntektssystemet enklare blir det også meir grovmaske. Sjølv om dei fleste kommunane vil finne nokre grove masker som slår positivt ut og andre som slår negativt ut, kan eit enklare inntektssystem vere eit argument for større skjønnskott.

I tillegg skriv utvalet at utgreiinga byggjer på kompliserte analyser utført på data med varierende kvalitet. Det er derfor eit poeng i vår uttale å støtte utvalet når dei skriv:

"Utvalget betrakter usikkerheten knyttet til analysene som ett av flere argumenter for at det bør være et skjønnskudd i inntektssystemet."

Sjølv om vi ser at det også finst argument for lågare skjønnskott, vil vi understreke at det likevel er ei nedre grense. Utvalet skriv at skjønnskottet bør vere på under 1 prosent av dei frie inntektene. For Rogaland i 2006 er 1 prosent av dei frie inntektene om lag 100 mill kr. Skjønnskottet til kommunane i Rogaland er alt godt under det nivået, og bør ikkje ligge lågare. Utvalet gir sjølve to argument for nettopp det. Det ein er at vi skal vere i stand til å gi skjønnskott til større kommunar. Det fremmer utvalet som ei målsetjing. Det andre utvalet nemner er at kommunar som har særleg store utfordringar knytt til sterk auke i folketalet kan få skjønnskott. Nokre av dei er med sterkast auke i Rogaland er store kommunar, til dømes Sandnes med nesten 60 000 innbyggjarar.

Når det gjeld kommunar med sterk folketilvekst viser utvalet til at desse kommunane tener på ordninga med å nytte oppdatert folketal i inntektsutjamninga. Desse kommunane tener også på at ein midt i året reknar utgiftsutjamninga på ny med oppdatert folketal, men at det gir mindre utslag. Utslaget av endringa av kriteria som skjer midt i året, er vanskeleg å berekne. For å gjere inntektssystemet enklare vil utvalet gå bort frå denne ordninga. Ser ein denne endringa saman med det utvalet seier om skjønnsmidlar og vekstkommunar støtter Fylkesmannen denne endringa.

I Rogaland er det tre kommunar som har færre enn 1000 innbyggjarar. Det er Utsira, Kvitsøy og Bokn. Alle desse kommunane tener på omlegginga av kostnadsnøkkelen, men dei taper meir på at regionaltilskottet som dei får i dag, blir byta ut med eit nytt distriktpolitisk tilskot. Av desse tre kommunane er det berre Utsira som vil få distriktpolitisk tilskott. Det vil vere på rundt 1,5 mill kr, medan regionaltilskottet i dag er på 3,3 mill kr. Tapet krev omstilling i alle tre kommunane, sjølv om inntektsgarantitilskotet vil dele reduksjonen over mange år. Dette kan vere eit døme på at inntektsgarantitilskotet er enklare enn overgangsordninga vi har i dag, og at den fungerer etter målsetjinga. Vi ser ordninga med inntektsgaranti som ei forbetring i høve til ordninga med overgangsordningar. Det er likevel grunn til å tru at dei nemnde småkommunane og dei andre som i fleire år vil måtte få inntektsgarantitilskott, blir hardt pressa. Sjølv med frisk satsing på kommunesektoren i åra framover må kommunane som er fanga i sikkerhetsnettet inntektsgarantiordninga utgjere vere budd på mange år med nullvekst eller reduserte rammer. Dette kan også vere eit argument for eit monaleg skjønnsstilskot.

Når det gjeld omlegginga av ordninga med regionaltilskot vil vi nemne at i tillegg til Utsira, vil Sauda kommune få distriktpolitisk tilskott. Ettersom kommunen i dag ikkje får regionaltilskott tener dei godt på omlegginga. Det er positivt og i tråd med faktiske utfordringar slik vi ser det.

I framlegget til ny kostnadsnøkkel har talet på personar over 16 år, med psykisk utviklingshemming, vesentleg lågare vekt enn dei har i nøkkelen ein nyttar i dag. Deler av dette vil bli kompensert fordi det øymerka tilskotet til ressurskrevjande brukarar vil auke. Dette øymerka tilskotet har ei kopling mot inntektssystemet ettersom kommunane, når dei opplyser om utgifter til ressurskrevjande brukarar, skal trekke i frå andre tilskot personane har utløyst m.a. i inntektssystemet. Korleis dette vil slå ut for den einskilde kommune er likevel ikkje lett å sjå. Vi veit at ikkje alle kommunar kjem like godt ut av ordninga med kompensasjon for ressurskrevjande brukarar. Det gjeld særleg kommunar som har mange brukarar som berre utløyer eit lite tilskot. Mange brukarar betyr mange eigendelar som i sum blir svært tunge å bera for desse kommunane. Det er grunn til å frykte at særleg vertskommunane vil kunne hamne i same situasjon. I Rogaland går store deler av skjønnsramma til kommunar som kjem dårleg ut av ordninga.

Utvalet foreslår å nytte prognosebasert inntektsutjamning. Det er å berekne inntektsutjamninga med utgangspunkt i ei gitt skatteprognose i staden for den faktiske skatteinngangen på landsbasis. Det vil fjerne noko av uvissa knytt til skatteinntektene. Vi ser på det som ei klar forbetring.


MVA-reforma og tilbakeføring av selskapsskatt har ført til omfordeling av inntekter og tilskot mellom kommunane. Omlegginga av barnehagetilskotet vil også kunne føre til store omfordelingar av tilskot. Kommunar som kjem uheldig ut på fleire område kan få problem med å handtere endringane. Dei samla konsekvensane av reformene som ein har gjennomført

den siste tida, og det utvalet legg fram, bør ein sjå på i samanheng før det blir gjennomført. Eventuelt kan departementet lage ei oversikt som kan nyttast i samband med tildeling av skjønnstilskot.

Med helsing



Tora Aasland



Knut Underbakke
Kst. avdelingsdirektør

Saksbehandlar: Jørgen Kjetland
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 08
E-post: jorgen.kjetland@fmro.no